

Årsrapport Galleri Kunstparken 2023



Frå opninga av Bjarne Bare sin utstilling *RISØR*. Foto: Liv Øvland

Galleristyret for driftsperioden 9.mars 2023 – til dags dato:

Ingunn Lien Gundersen, styreleiar

Sandra Blichert, styremedlem

Stig Hødnebø, styremedlem

Vidar Iversen, styremedlem

Elfi Jonassen, styremedlem

Steinar Laumann, styremedlem

Arnfinn Strand, styremedlem

Marita Thomseth, styremedlem

Tina Frydenberg, vara

Marianne Hognestad, vara

Anna Stina Næss, observatør/kultursjef

Oppsummering av driftsåret 2023

Årsrapporten er basert på driftsåret 2023, og vi i det nye Galleristyre har hatt 8 styremøte i perioden mars til desember.

Mykje skjedde i Risør Kunstpark / Galleri Kunstparken i 2023. Vi har gått frå å være eit Husstyre i Risør Kunstpark til å dele oss opp til eit Galleristyre og eit Atelierstyre. Dette var ein viktig og god splitt, og har gjort det enklare for oss å sjå kva arbeidsoppgåver vi er ansvarlege for både når det gjeld Galleriet vårt, og kva som ikkje er vårt ansvar når det handlar om eksterne arrangement, anna aktivitet og generell drift av Risør Kunstpark.

Våren 2023 brakte også med seg eit utfordrande og litt merkeleg politisk intermezzo i Risør, då det politiske landskapet i kommunestyret, av ulike grunnar, plutsleg skifta frå 'raudt til blått'. Og både Galleristyre og Kunstparken hamna midt i eit politisk ordskifte omkring bygget Kunstparken, straumprisar, utleie av lokale, og om husets leietakarar. Kunstparken fekk mange støtteerklæringar desse vekene, både frå byens egne folk, frå kunstnarar, og frå politikarar både lokalt og på fylkesplan. Dette førte til at fleire frå fylket kom på besøk til Risør og til Kunstparken. Vi fekk stor støtte og hjelp av Knut Henning Thygesen som tok initiativ til å løfte heile debatten kring Kunstparken opp på fylkesnivå. Og Laurdag 15 april kom representantar frå Hovudutvalget for kultur, folkehelse og frivilligheit i fylket til Kunstparken på besøk. På kommunestyremøte torsdag 28. april vart 'kunstballen' lagt ganske død, og vårt ferske styre kunne jobbe vidare. Men, med Knut Henning Thygesen i spissen ynskja vi no å smi medan jernet var varmt, og det var eit moglegheitsrom til å få fylket med på laget for å sikre framtida, for både Galleri Kunstparken og huset i sin heilheit. Vi gjekk i gang med strategidokument, visjonar og håret mål. Og 25.mai la styreleiar Ingunn Lien Gundersen, styremedlem Steinar Laumann, og ordførar Per Lunden fram saka for *Hovudutvalget for Kultur, Folkehelse og Frivillighet* i fylket.

Galleri Kunstparken og Risør var også representert på Agder kulturkonferanse i Farsund 7 juni, med Steinar Laumann og Ingunn Lien Gundersen, Ågot Bugge frå Risørhuset og Harald Lien Gundersen frå Risør Kammermusikkfest. Vi opplevde ein tydeleg skeivfordeling av kulturmidlar i fylket, på bekostning av dei mindre kommunane i aust. Etter dette jobba vi vidare opp mot fylket, og Kultursjef Anna Stina Næss bidro i arbeidet med å løfte Galleriet og kunstsatsinga i Risør opp på eit høgare nivå. Der resultatet til slutt vart eit tilskot frå fylket til både dagleg leiar, og tilskot til å kunne styrke frivilligheita.



Frå utstillinga *Generation WHY*, Foto: Rune Nylund Larsen

Vi har gjennom året hatt ein høg utstillingsaktivitet, travle monteringsperioder, samtaler og foredrag i Wleugels have, flotte utstillinger, og kjekke utstillingsopningar med mykje folk. Samstundes har ein stor økonomisk usikkerheit prega året, og det var lenge uklart om vi ville klare å gjennomføre utstillingane som allereie var planlagt. Det var spesielt mykje bekymring og utfordring knytta opp mot sommarens utstilling: Villvin sin vandreutstilling *Generation WHY*. Vi klarte heldigvis å gjennomføre, dog med mange ekstra dugnadstimar, og utan økonomisk gevinst for galleriet. Vandreutstillinga har no vandra vidare til Runde tårn i København.

Galleri Kunstparken var godt besøkt i 2023. Vi har tilsaman hatt opp mot 8000 publikum på utstillinger og andre aktivitetar i Galleri Kunstparkens regi. Ann Carin har vore ein solid og trufast gallerivakt gjennom heile året, og gjort ein formidabel jobb for oss.

Arnfinn Strand har hatt open kafé under utstillingsopningane, og vi set stor pris på den gode mater han lagar til desse arrangementa. Kva som skjer med vidare drift av kafeen er uvisst, men tilbakemeldingar frå publikum som vitjar galleriet er at det er ønskeleg å ha moglegheita til å kunne kjøpe seg noko å ete eller drikke.

GALLERI KUNSTPARKEN

Vi har sendt ei rekkje søknader gjennom året, og vi har fått god lønn for strevet. Vi fekk naturleg nok ikkje positivt svar på alle søknadar som vart sendt inn, men i sum må vi seie oss svært godt nøgd med alle tilskota:

300 000 i ARENA-midler frå Kulturdirektoratet, oppgradering og innkjøp av teknisk utstyr

50 000 i støtte til *Skrivende Risør* frå Kulturdirektoratet

31 000 i støtte til *I Wleugels Have* frå BKH

6400 i støtte til *I Wleugels Have* frå Risør kommune

60 000 i Kulturmidler frå Risør Kommune til *Generation WHY*

100 000 i frivillighetsmidler frå Agder fylkeskommune

400 000 i eingongs-tilskot frå Agder fylkeskommune øyremerkta dagleg leiar i 50% stilling.

Gjennom heile året har vi jobba jevnleg med å utvikle digitale verktøy for å sortere, rydde og systematisere det administrative, med mål om å kunne gjere arbeidet for ein ein framtidig dagleg leiar så grei som mogleg. Vi har samla alt på Googleplattformen Drive/Disk, og her legg vi inn styringsdokument, budsjett, søknadar, kontraktar, utstillingsinfo, og elles alt som har med dagleg drift av galleriet å gjere.

Vi har også brukt mykje tid med Saldo Regnskapskontor som tolmodig har jobba saman med oss for å lage eit nytt system i PowerOffice. Dette for å lette arbeidet med regnskap og økonomistyring i framtida. Vi har ført opp alle timer ulønna administrativt arbeid som er lagt ned i 2023, dette vil stå som *gave* i årsregnskapet, for å synleggjere kva kostnader som ligg i det å skulle drifte eit heilårsgalleri profesjonelt.

Ingunn Lien Gundersen har stått for oppdatering av SoMe (Facebook og Instagram)

Innkjøpte tenester: Nettsider fram til desember: Jenny Hultqvist

Mykje av styrearbeidet den siste delen av hausten 2023 gjekk med til å forberede oppussing av galleriet, innkjøp av teknisk utstyr, samt prosessane rundt det å skulle tilsette ein dagleg leiar. Elfi Jonassen, Steinar Laumann, Stig Hødnebø og Ingunn Lien Gundersen var i ansettelseskomiteen.

GALLERI KUNSTPARKEN

Målet for 2023 var både å klare å gjennomføre den høge utstillingsaktiviteten, og samstundes jobbe mot ei **profesjonalisering** av galleridrifta. Å drifte eit heilårs-galleri basert på dugnad og frivilligheit, saman med økonomisk usikkerheit, er ikkje berekraftig i lengda.

Og ut frå desse måla vi sette oss var 2023 eit veldig bra år. Godt jobba av Galleristyret.



Frå Bjarne Bare sin utstilling *RISØR*. Foto: Liv Øvland

Utstillingsprogram i Galleriet 2023:

4.februar – 12.mars:	<i>Fremtidens Risør i Lego</i>
25.mars - 23.april:	Knut Swane, <i>Maleri</i> ,
29.april – 21.mai:	Bjørn Krogstad, <i>Malerier</i> ,
10.juni – 2.juli:	Bjarne Bare, <i>Risør</i> ,
8.juli – 3.september:	Villvin, <i>Generation Why</i> ,
16.sept – 8.oktober:	Sigurd Lindstrøm, <i>Kubistiske operetter</i> ,
4.november – 26 november:	Skrivende Risør, <i>Vi bedriver Ord!</i>
2.desember – 14.januar:	Erik Wessel, <i>På ikke helt gjengrodde stier</i> ,



Frå *Generation Why* opningsdagen. Foto: Skape Verket, Risør

Utstillingsprogram Prosjektrummet 2023:

1.april – 9.april:	Christina Langfeldt. <i>Steiner</i>
24.mai – 31.mai:	Kulturskolen Øst i Agder, Sommeravslutning
17.juni – 13.august:	Husets Kunstnere, <i>Ellevilt Fellesskap</i>
16.september - 8.oktober:	Terje Vestervik, <i>Happy and Sad</i>
2.desember – 14.januar:	Husets Kunstnere, <i>Juleutstilling</i>



Frå Juleutstillinga til Husets Kunstnere. Foto: Malakias Liebmann

Samtaler og foredrag i Wleugels have:

I 2023 hadde vi i Galleri Kunstparken i alt 6 arrangement i den nyoppstarta serien vår; *I Wleugels have*. Serien er eit av fleire tiltak Galleri Kunstparken har satt i gang for å gjere institusjonen meir synleg både lokalt og regionalt, og for å utvide det kulturelle tilbodet til publikum. *I Wleugels have* har gjennomgåande vore ein stor suksess, med stort oppmøte og gode tilbakemeldingar. Vi har gjort lydopptak av alle samtalane, og har planar om å gjere desse tilgjengeleg for publikum på eit seinare tidspunkt. *I Wleugels have* er gratis for publikum, og vi ser at vi treff nye publikumsgrupper med disse arrangementa.




Bjarne Bare i samtale med Ragnhild Aamås 10.juni. Foto: Liv Øvland

- | | |
|---------------|--|
| 20.april: | Knut Swane og Sigurd Lindstrøm, kunstnersamtale |
| 5. mai: | Helge Værland, foredrag jubileumsnatt |
| 10.juni: | Bjarne Bare og Ragnhild Aamås, kunstnersamtale |
| 28.juni: | Risør Kammermusikkfest / Hild Borchgrevink, <i>Avtrykk</i> .
Samtale med 3 av festivalens komponister |
| 16.september: | Sigurd Lindstrøm, Liv Øvland, Lars Taraldsen, kunstnersamtale |
| 2. desember: | Erik Wessel, Åsmund Thorkildsen, kunstnersamtale |

Fremtidens Risør i Lego

Galleri Kunstparken opna utstillinga *Fremtidens Risør i LEGO* 4/2-23. Utstillinga bestod av LEGO-modeller bygga av Thomas Christiansen. I anledning Risørs byjubileum ønska vi ikkje berre å sjå 300 år bakover i tid, men også å rette blikket 300 år fram i tid. Vi inviterte skuleklassar med lærere til utstillinga og der elevane sjølve skulle byggje modeller av fremtidens Risør i Lego Basic-brikker. 21 skuleklasser frå barne- og ungdomsskulen, samt born frå Tjenna barnehage og Frydenborg barnehage besøkte utstillinga, og tok del i det pedagogiske opplegget. Elevane møtte godt forberedt, var engasjerte, og utviste stor kreativitet. Eit mykje vellykka pedagogisk opplegg, i følge lærarane. I løpet av dei 5 vekene utstillinga varte var ca. 2500 besøkande innom. Vi heldt ekstra opent i vinterferien.



Fremtidens Risør i Lego. Av Risør Ungdomsskole klasse 7. og 8.

Det Skrivende Risør

Risør kommune markerte i 2023 sine 300 år som by, og eit av jubileumsarrangementene var "Det Skrivende Risør" med foredrag, samtalar, konsert, og en litterær utstilling i Galleri Kunstparken 4.nov- 26.nov 2023.

På opningsdagen 4.nov losa forfattar og tidlegare journalist, Helge Værland publikum gjennom 190 minutter med Risørs litteraturhistorie, Ingunn Lien Gundersen heldt tale og skodespelar Thea Green Lundberg framførte tekster. Det var musikkinnslag med Lars Martin Myhre i samarbeid med lokale aktørar, samt ei rekkje andre medverkande var involvert. Forestillinga *Vi Bedriver Ord* gjorde eit uhøgtideleg dypdykk i Risørs skrivande historie gjennom ord, tekst, bilete og musikk.

Opningsarrangementet trakk eit mykje større publikum enn vi hadde sett føre oss, og vi måtte hente inn alt det vi hadde av ekstrastoler for at heile publikum skulle få sitjeplass. Alle laurdagane i utstillingsperioden hadde Helge Værland gratis foredrag om det skrivande Risør i Galleri Kunstparken.



Frå utstillinga *Det Skrivende Risør*. Foto: Valeriia Sakhman

Formidling / Workshops

- Mars: *Fremtidens Risør i Lego*, Frydenborg barnehage, Tjenna barnehage. Og formidlingsopplegg for 21 skuleklassar. Marita, Vidar og Ann-Carin.
- April: Besøk av 2. trinn ved Risør Barneskule under Knut Swane si utstilling.
- 8.juni: Skulebesøk av 1. og 3. klasse frå vidaregåande. Elevane fekk møte Bjarne Bare under monteringsprosessen av eigen utstilling, og han fortalte om kunstnerskapet sitt, og arbeidet fram mot utstillinga *RISØR*
15. juni: Formidlingsopplegg for 10. trinn ved Risør ungdomsskole med Ketil Olav Sand
- 9.juli: Workshop med Yr Johannsdottir (*Generation WHY*)
- 22.juli : Krapyl-workshop med Sandra Blickert (*Generation WHY*)
- Sommaren: Omvising i utstillinga *Generation WHY*, ved Nina Gresvig
23. aug: 60 studentar frå Universitetet i Agder kom på besøk for å sjå *Generation WHY*, workshop, og foredrag ved kuratorane.
- August: Omvising i Galleri Kunstparken for ei gruppe frå VIRK
- 19.september: Besøk av Risøya Folkehøgskole. Sigurd Lindstrøm
- Oktober: DKS, (*Generation WHY*) Corrina Thornton, 2 dager vidaregåande skole.
- 4.oktober: Keramikkworkshop for kvinner i regi av Corrina Thornton. 6 kvinner fra ulike land, kvar tirsdag. Prosjektet går vidare i 2024



Sigurd Lindstrøm, *Kubistiske Operetter*. Foto: Liv Øvland

Andre aktivitetar 2023:

- 1.mai. 1.mai tale i Kunstparken, ved styreleiar Ingunn Lien Gundersen og Sigurd Lindstrøm
2. mai Galleristyret representert ved Steinar Laumann under ein seremoni saman med ordførar og vidaregåande skule, med planting av kjærleikstre og nedgraving av tidskapsel utanfor Kunstparken
- Jubileumsnatt: Rullekake, Rullator og Rolling Stones, (konsert med Ola Steen og Arnfinn Strand), foredrag med Helge Værland, konsert med Poing og Maja Ratkje, krapylverksted med Sandra Blichert, drink&draw med Cathrine Calmeyer og Poetisk Nachspiel.
- Juni: Deltaking på Agder kulturkonferanse i Farsund, saman med Harald Lien Gundersen i Risør Kammermusikkfest, og Ågot Bugge i Risørhuset
- August: Besøk av innkjøpskomiteen frå KODE Bergen. Marita Thomseth varta opp med heimelaga lunsj
- 6-7des: Seminar og opplegg for Kulturavdelinga i Porsgrunn



Maja Ratkje og Poing under Jubileumsnatta 5.mai. Foto: Liv Øvland

Utstillinger 2024:

16. mars-14. april:	Jørgen Herleiksplass Lie / maleri
3. mai-2. juni:	Steinar Laumann / video og lydinstallasjon
22. juni-25. august:	Astrid Sleire, Gabriel Johann Kvendseth, Nina Bjørkendahl / keramikk, grafikk, skulptur
7. september-6. oktober:	Sandra Blichert / installasjon
26. oktober-24. november:	Anne Mari Graver / ikoner
7. desember-12. januar:	Elin Igland / tekstil



Frå opninga av *Generation WHY*. Foto: Skape Verket, Risør

GALLERI KUNSTPARKEN

Ingunn Lien Gundersen

Arnfinn Strand

Marita Thomseth

Steinar Laumann

Vidar Iversen

Sandra Blichert

Stig Hødnebø

Elfi Brit Jonassen

----TAKK FOR EIT INNHALDSRIKT 2023----

Ingunn Lien Gundersen, Risør. 04.03.24